



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
28.05.2018	63575/2018	Ragnhild Holsvik

Saksnr	Utval	Møtedato
	Kultur- og folkehelseutvalet	13.06.2018

Evaluering Kulturtorget – vidare vegval

Bakgrunn

Evaluering av Kulturtorget følger som eit tiltak frå anbefaling i forvaltningsrevisjonsprosjekt «FR 2/2017 Den kulturelle skulesekken (DKS)». Vurderingane og vedlagt kunnskapsgrunnlag ligg til grunn for anbefalinga om vidare vegval.

Forankring av Den kulturelle skulesekken og Kulturtorget

Den kulturelle skulesekken (heretter DKS) har si forankring hos både Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet gjennom plandokumenta St. meld. 38 (2002-2003) «Den kulturelle skolesekken», St. meld 8 (2007-2008) «Kulturell skulesekk for framtida» og Læreplan for Kunnskapsløftet. Ordninga blir finansiert gjennom overskot frå Norsk Tipping AS, og er forvalta av Kulturtanken, Kulturdepartementet sin fagetat for kunst og kultur til barn og unge.

Kulturtanken føresett gjennom sitt årlege tildelingsbrev at arbeidet med DKS skal vere forankra i dei ordinære politiske og administrative prosessane, og i planverk både i fylkeskommunen og i kommunane. Vidare at det blir utvikla samarbeid og nettverk mellom kultur- og skulesektor på alle nivå, i tillegg til relevante kulturinstitusjonar, universitets- og høgskulemiljø og forskingsinstitusjonar.

Møre og Romsdal fylkeskommune har samarbeidsavtale med kommunane som regulerer ordninga sitt innhald, ansvarsdeling og finansiering. I tråd med avtalen skal kommunane blant anna utarbeide ei lokal plan for Den kulturelle skulesekken.

Om Kulturtorget – formål, arbeidsoppgåver og prosessar

St. meld 8 (2007-2008) «Kulturell skulesekk for framtida» fastsett at «... arbeidet med Den kulturelle skulesekken skal skje i eit godt samarbeid mellom kultur- og opplæringssektoren på alle nivå. Det skal sikrast god forankring og tid til planlegging i skulen.» Vidare fastsett meldinga at rollefordelinga mellom kultur og skule er slik: «Opplæringssektoren har ansvaret for å leggje føre- og etterarbeid pedagogisk til rette for elevane, medan kultursektoren har ansvaret for kulturinnhaldet i Den kulturelle skulesekken og for å informere om innhaldet i god tid» (St. meld. 8 (2007 – 2008), Kulturell skulesekk for framtida. s. 23).

God dialog, samhandling og stor grad av medverknad er nødvendig for å realisere dei mål og prinsipp som ligg til grunn for DKS-ordninga.

I ei årrekke har Kulturtorget vore den viktigaste møteplassen mellom DKS-administrasjonen og skulen i Møre og Romsdal. Grunnskulane og det kommunale nivået er vanlegvis representerte ved kommunekontaktar og kulturkontaktar. Gjennomføringa av Kulturtorget er på mange vis knytt til ideen om brukarutval på systemnivå, der skulen si interesse blir teken vare på av representantar for brukarane. Heilt konkret blir dette organisert ved at kvar skule peikar ut ein kulturkontakt, som gjennom si deltaking på Kulturtorget kan vere med å påverke DKS-programmet for komande skuleår. Dette har dei høve til ved å svare på ei evaluering/tilbakemelding om kvar produksjon dei har sett.

Frå vidaregåande skule deltek to elevar saman med skulen sin kulturkontakt på Kulturtorget. Til saman utgjer dei eit brukarutval for produksjonar det komande skuleåret, og sender på vegne av skulen inn prioriteringsliste i etterkant av Kulturtorget.

Kulturtorget blir i ekstern kommunikasjon omtala som «den viktigaste møteplassen for nettverket som arbeider med kulturformidling til barn og unge i Møre og Romsdal.

Vidare er arrangementet beskrive å ha følgande funksjonar:

- møtestad for utveksling av erfaringar
- synspunkt og idear til kulturformidling i eigen kommune/skole
- sikre betre tilrettelegging av produksjonar som seinare skal på turné
- marknadsføring av nye prosjekt
- etablering av formelle og uformelle kontaktar/nettverk
- kompetanseheving av heile nettverket
- vitamininnsprøyting for kulturmedarbeidarar
- ein naturleg påskundar i ulike typar produksjonsverksemd», jf. Informasjonsskriv «Ei kokebok for kulturkontakt på skulen og for kommunekontakten».

Kulturtorget 2018 gjekk over to dagar, og her viste ein 31 produksjonar for 382 deltakarar. I tillegg vart det arrangert eit nettverksmøte.

Kulturtorget sitt årshjul heng svært tett saman med den generelle drifta av DKS. Oppgåvefeltet gjennom heile året er i stor grad prega av vurderingsarbeid, både gjennom å sjå produksjonar "live" saman med målgruppa, delta på ulike visningsarenaer rundt om i landet, aktivt oppsøkjande verksemd og å vurdere innsendte forslag. Ofte må DKS-koordinator aktivt oppsøkje og leite etter produksjonar for å kunne ha tilbod som dekkjer alle kunstfelta. Parallelt har musikkprodusenten hatt ansvar for inntil to nye musikkproduksjonar. Alle produksjonar som er aktuelle for turné i komande skuleår, blir inviterte til Kulturtorget. Alle utøvarar får honorar for å delta på kulturtorget, noko som ikkje er tilfelle for alle DKS-visningsarenaer.

Samansetjing av det endelige programmet med ein stad mellom 30 til 40 kunstproduksjonar, skjer i oktober og november. Både sjølve programmeringa og det vidare arbeidet krev tett dialog med utøvarane, teknisk personell, hotellet og andre lokalitatar. Koordinering, reiseplanlegging, reisebestilling og planlegging av transport for utstyr og scenerigg krev store personellressursar, og har over år gitt stor arrangørkompetanse i administrasjonen. Arbeidet har sin mest intense periode mellom oktober og januar. Parallelt går invitasjon ut til skular og kommunar. Dei seinare åra har administrasjonen brukt stadig meir tid på å følgje opp og sikre deltaking til Kulturtorget.

I etterkant av Kulturtorget blir deltakarane inviterte til å evaluere produksjonane. Hensikta er å kvalitetssikre val av produksjonar som skal på turné komande skuleår. Det har tradisjonelt vore variasjon i korleis informasjon frå evalueringa blir bruka av formidlingsseksjonen i samanheng med turnelegginga. I 2018 vart evalueringa gjennomført digitalt, noko som forenkla oppsummeringa av informasjonen. For vidaregående skule er det som nemnt elevrepresentantar, saman med skulen si kulturkontakt, som bestemmer kva for produksjonar dei vil ha på besøk.

I perioden februar til mai blir det endelige programmet for komande skuleår fastsett, med mellom 80 og 120 turnear. På Kulturtorget får ein testa ut premissane og det tekniske ved produksjonane før dei skal på vegen. Vidare har Kulturtorget gitt kunnskap om riggetid, logistikk, samarbeid med utøvarar og deira sjølvstendigkeit, kunnskap som spelar ei viktig rolle i val av produksjonar og i turnelegginga.

Arbeidet krev stor detaljgrad og tek omsyn til premissar sett av utøvarane, skulane sine timeplanar, elevtal, infrastruktur for vising av produksjonane og ikkje minst, geografi og reiseavstand mellom skulane. Til dette arbeidet ligg også inngåing av kontraktar og bestilling av reiser for alle utøvarane til kvar turné. Endeleg program for komande skuleår blir sendt til alle skulane i byrjinga av juni.

Parallelt blir alle DKS-turneane for inneverande skuleår drifta. Vidare har administrasjonen fokus på nettverksarbeid, oppfølging av kommunane sine lokale DKS-planar og rapportering i følgje med dette. I same periode bestiller skulane kulturlaug; profesjonelle kunstverkstader for elevane, til komande skuleår. Skulane betaler eigendel for elevane per verkstad, og dei blir organisert som turnear på lik linje med ordinære DKS-produksjonar. Tildeling av kulturlaug blir sendt ut i mai, slik at desse kan sjåast i samanheng med dei lokale planane for DKS. I 2018 kom det inn tett på 190 bestillingar av kulturlaug.

Ikkje alle fylkeskommunar/direktekommunar arrangerer torg som grunnlag for val av DKS-produksjonar. Nokre har oppretta fag- eller programråd til dette arbeidet. Andre reiser rundt og presenterer produksjonane, medan nokon kombinerer presentasjonar med visingar i ulike type nettverksmøter.

Oppsummering tal og statistikk

Kven deltek på Kulturtorget og kvifor?

I tillegg til evalueringa av produksjonane ved kulturtorget i år, vart det også gjennomført ei undersøking knytt til sjølve arrangementet. Svarprosent mellom målgruppene er fordelt slik:

1.-7. trinn: 67 %
Ungdomsskole/VGS: 56 %
Om arrangementet: 50 %

Undersøkinga viser at av deltakarane var 22 prosent elevar, 40 prosent kulturkontakt for grunnskule, 4 prosent lærarar, 10 prosent kommunekontaktar, 12 prosent kulturkontaktar for vidaregåande. 6 prosent representerte ein kulturinstitusjon. Dei resterande 6 prosent var frå fylkeskommune eller anna offentleg verksemd. Ingen skuleleiarar var til stades ved Kulturtorget 2018. Blant deltakarane var 94 prosent til stades begge dagane, medan 36 prosent aldri hadde vore på Kulturtorget før.

På spørsmål om kvifor dei deltek på Kulturtorget har svara ei klar tredeling (i prioritert rekkefølgje):

1. å kunne påverke kva for DKS-førestillingar som kjem til skulen
2. å best mogleg kunne førebu skulen på kva som kjem
3. å få eigenutvikling i form av nettverk, fagleg påfyll og inspirasjon

I kommentarar til dette spørsmålet legg ein og vekt på moglegheit til å lære meir, gje innspel og å kunne påverke det generelle kulturlivet i fylket.

Om arrangementet

Deltakarane er godt nøgd med arrangementet totalt sett. 80 prosent seier arrangementet er bra eller svært bra. Kommentarar til dette punktet går i hovudsak på at programmet blir opplevd som travelt og hektisk, men at det er variert og har gjennomgåande høg kvalitet. Nokon saknar fleire laugspresentasjoner og produksjonar for visuell kunst, musikk og litteratur. Andre meiner det blir litt for stor dreiling rundt alvorlege tema som til dømes krig og Midtausten.

Utøvarperspektivet

Berre 14 av 61 utøvarar svarte på undersøkinga om Kulturtorget 2018. Ei årsak til dette kan nok vere at undersøkinga for denne gruppa vart sendt ut nokre veker etter gjennomføring av Kulturtorget.

Dei som svara, legg i si evaluering vekt på at Kulturtorget er ein viktig arena for å:

- få vist sine produksjonar, og at det er ein god arena for å kunne møte andre utøvarar
- møte representantar for skule og for målgruppa
- bygge relasjon til fylkeskommunen som bestiller av produksjonane, og driftar av turneane

På spørsmål om korleis utøvarane kjem i kontakt for å marknadsføre sin produksjon andre stader der dei ikkje har ein visningsarena tilsvarende Kulturtorget, trekkjer dei fram digitale arena, enkeltoppdrag, nettverk og deltaking på ulike nasjonale visningsarena.

Utviklingstrekk 2012 – 2018 – deltaking, produksjonar og kostnadar

Frå 2012 til 2018 har talet på deltakarar variert mellom 382 og 638, og frå 2016 har talet gått ned med 200 deltakarar. Noko variasjon er knytt til kor mange dagar arrangementet går over, og om det er program for barnehage. I same periode varierer talet på kommunar som deltek mellom 32 og 26.

Talet på kunstproduksjonar varierer mellom 30 og 45 fordelt på alle kunstuttrykka. I perioden har det vore flest scenekunst-, musikk og litteraturproduksjonar på torget, til saman 158 produksjonar, noko som igjen speglar utvalet generelt. Produksjonar for visuell kunst og kulturarv har lågast tal, 27 i same periode. Utgifter per produksjon på Kulturtorget ligg mellom 28 331 kroner og 43 747 kroner.

I 2018 kosta gjennomføringa av Kulturtorget totalt 1 075 541 kroner. Dei største utgiftspostane er honorar, kjøp av tenester og reiseutgifter. Utgiftsnivået varierer frå lågaste sum på 981 585 kroner til høgast 1 574 907 kroner i 2016, då det blant anna vart arrangert 20 års-jubileumsfest. I tillegg kjem kostnader knytt til overtid for DKS-administrasjonen, og kostnadane som kommunane får til eigenandel, reise, opphold og vikarutgifter. Dette er det ikkje gjort nøyaktige utrekningar på.

Inntektssida ligg på mellom 417 602 kroner og 641 142 kroner. Inntektene kjem fortrinnsvis frå deltakarane sin eigenandel, som er med på å dekke kostnader for produksjonane.

Nettverksmøte på Kulturtorget

Under kulturtorget blir det som oftast arrangert eit nettverksmøte for kulturkontaktar. Nettverksmøta har gjerne hatt innhald som går direkte på rolla som kommunekontakt og kulturkontakt, og som kan gje fagleg påfyll. Som eksempel kan nemnast at i 2017 snakka Tom Remlov om kor viktig danning er, og kor viktig møte med kunst i skulen er for danninga. Vilde Kamfjord snakka om rolla til DKS-utøvaren. I tillegg fortalte ein kulturkontakt ved vidaregåande skule korleis han har valt å gjere jobben.

I 2018 stod Kulturtanken for innhaldet. Dei la i sin presentasjon vekt på å informere om bakgrunn for etaten, sitt mandat, mål og strategiar samt noko informasjon om den nye digitale DKS-portalen som er under utvikling. Evalueringa av møtet viser at deltakarane ikkje fann dette veldig relevant for si rolle i DKS. På spørsmål om fagleg innhald, relevans og auka kunnskap gir dei score på ca. 3,5 av totalt 6.

Om opplevinga og kva anna dei ønskjer seg av møtet skriv deltarane (sitat):

- «Nettverksmøtet på torget fungerer som enveiskommunikasjon.»
- «Ønskjer fokus på rolla som kulturkontakt.»
- «Sett fokus på samarbeidsmodellar for å styrke kunsten sin plass i skulen, barnehagen og borna sine liv.»
- «Etabler møter mellom skoler, kunstnere og DKS-seksjoner.»
- «Grunnleggende spørsmål om hvordan DKS kan forankres på best mulig måte i skolene bør diskuteres.»
- «Meir dialog, mindre byråkratisk prat.»

Spørsmål om nettverk mellom kultur- og skulesektor i kommunane

På spørsmål om i kva grad det er utvikla samarbeid og nettverk mellom kultur- og skulesektoren i kommunane, svarar 50 prosent at det i liten eller svært liten grad er utvikla slike samarbeidsarenaer. Berre 8 prosent svarar at kommunen har dette i svært stor grad.

Det vart også spurt i kva grad kommunane ønskjer andre typar nettverk i tillegg til Kulturtorget. 70 prosent frå grunnskule (1. – 7. trinn) og 63 prosent frå ungdomsskule og vidaregåande skule ønskjer fleire møtearena, fortrinnsvis eitt i tillegg til Kulturtorget. I kommentarane vart Kulturavdelinga råda til å legge vekt på erfaringsdeling, praksis knytt til kunstformidling for barn og unge – og at møta ikkje berre skulle vere for kulturkontaktane på skule. Det vart og ytra ønske om at møteplassane skulle være regionvise.

Vurdering

Kulturtanken føresett gjennom sitt tildelingsbrev at det blir utvikla samarbeid og nettverk mellom kultur- og skulesektor på alle nivå, og med relevante kulturinstitusjonar, universitets- og høgskulemiljø og forskingsinstitusjonar. Ein må sjå om Kulturtorget i dagens form gjer sitt til at DKS Møre og Romsdal oppfyller desse premissa; målgrupper, samarbeid, nettverk og medverknad. Om ikkje, bør ein vurdere å utvikle ein ny form for arena med eit nytt innhald.

Målgrupper

Kulturtorget har i si noverande form hovudfokus på tre målgrupper i mottakarapparatet for DKS.

1. Kommunekontaktar og kulturkontakte skule – som ved si deltaking oppnår større nettverk, får rett verktøy for å planlegge gjennomføring av DKS-produksjonane i komande skuleår, og aukar sin kunnskap om DKS.
2. Elevar i vidaregåande skule – som ved si deltaking oppnår medverknad, auka kunnskap for å kunne prioritere DKS-produksjonar for eigen skule, betre ferdigheter i «å grunngje», gode kulturopplevingar.
3. Elevar i grunnskulen – som representerer målgruppa, og med si deltaking gir verdifull tilbakemelding både til utøvarane og dei som skal evaluere kunstproduksjonane.

Sidan programmet i hovudsak er innretta mot kulturkontakt, deltek ikkje representantar for skuleeigar og skuleleiing. Kommunenivået er i hovudsak representert gjennom kommunekontaktane, som oftast er dei kulturskulerektorar eller rådgjevar innan kultur. Berre 6 prosent av årets deltakarar representerte ein kulturinstitusjon, og universitets- og høgskulemiljø var i år representert gjennom tilsette ved Seanse, senter for kunstproduksjon ved Høgskulen i Volda.

For at fylkeskommunen betre skal svare ut mål og premiss for DKS, tilrår Fylkesrådmannen at Kulturtorget utviklar sitt innhald slik at arrangementet blir relevant og interessant for alle målgruppene som Kulturtanken føreset, enten ved at dei bidreg inn med innhald, eller ved at dei finn det interessant og relevant å delta. Dette kan gjerast ved å sette eit program med parallelle sesjonar for dei ulike målgruppene.

Samarbeid og nettverk med kommune og skulesektor på alle nivå

Kulturtanken har eit særleg ansvar for å bidra til at DKS-tilbodet spelar saman med skulen sine læreplanar, og til å utvikle ei felles forståing og engasjement mellom kunst-, kultur og skulesektor. I tillegg er det peikt på at innhaldet skal reflektere dei tema som er beskrive i overordna del av læreplana; demokrati, medborgarskap, folkehelse, livsmeistring og berekraftig utvikling. Dette er moment som administrasjonen tek på alvor i vurderinga av dei enkelte produksjonane og i programmeringa. Men det er ikkje eit tema ein finn mykje tid til å diskutere med skulesektoren på Kulturtorget.

I evalueringa av den enkelte produksjonen på Kulturtorget svarar deltakarane om produksjonen høver til målgruppa, om den stimulerer til vidare arbeid, kopling til læreplanen, for- og etterarbeid og utøvaren sin kommunikasjon mot publikum. Dette er spørsmål som deltakaren i etterkant av torget sit åleine og skal vurdere. Det er kome tilbakemelding om at spørsmåla ikkje var relevante nok, og at ein bør vurdere om det er andre spørsmål som og bør stillast.

Det er grunn til å tru at ei kan oppnå viktig refleksjon og læring både i kunst-, kultur- og skulesektoren ved heller å evaluere produksjonen saman, og at Kulturtorget er ein god arena for slik aktivitet. For at fylkeskommunen betre skal svare ut mål og premiss for DKS, tilrår fylkesrådmannen at Kulturtorget utviklar sitt innhald slik at arrangementet legg til rette for faglege samtalar, til dømes om korleis den enkelte produksjonen kan samspele med skulen sine læreplanar. Vidare at det blir sett fokus på kunnskap basert på forsking om kunst- og kultur, til dømes om kreativiteten si rolle for eleven si læring. Slik vil ein på sikt bidra til å utvikle eit felles språk om DKS, og dermed ei felles DKS-forståing mellom kunst-, kultur og skulesektor. Arrangementet vil slik rette seg mot fleire målgrupper i skulen, som til dømes skuleleiar og skuleeigar.

Medverknad

I april inviterte administrasjonen til DKS-nettverksmøter med kommunane. Møta vart gjennomførte regionsvis; i Volda for Søre-Sunnmøre, i Ålesund for Nordre-Sunnmøre, i Molde for Romsdal og på Tingvoll for Nordmøre. Til saman møtte seksjonen representantar for 22 kommunar på desse møta.

Møta var dialogbaserte, og ein hadde til hensikt å sikre både læring og erfaringsdeling mellom fylkeskommunen og kommune, og mellom dei enkelte kommunane. I møta hadde totaliteten av DKS-drifta hovudfokus, men det vart også gjort nokre evalueringar knytt til Kulturtorget. Også her kom det fram at kulturkontaktane opplever Kulturtorget som en svært viktig arena, fordi dei då har høve til å vere budde på kva som kjem til skulen. I dette ligg informasjon om dei tekniske krava som produksjonen set, plassbehov og tematikken i sjølve kunstproduksjonen. Fleirtalet meiner også at Kulturtorget er viktig for personlege opplevelinger og utvikling.

På Kulturtorget blir berre nye produksjonar vist, og det er ikkje slik at alle skulane får besøk av desse det komande skuleåret. Ein produksjon brukar omlag tre år på å komme til alle skulane i Møre og Romsdal. Når ein veit at 36 prosent av deltakarane på Kulturtorget var der for første gong, og at ikkje alle kommunane har representantar på Kulturtorget, bør det vere grunnlag for at vi i tillegg til Kulturtorget, finn andre måtar å informere om produksjonane som kjem. Informasjon på nettverksmøter ut i regionane saman med digitale presentasjoner av den enkelte produksjon, kan vere ein måte å gjere det på. Det er også grunn til å tru at den nye DKS-portalen til Kulturtanken på sikt vil vere eit godt verkty til informasjonsarbeidet.

Ved å ta ned fokus på å vise og evaluere nye produksjonar ryddar ein plass til andre former for medverknad på Kulturtorget.

Ressursbruk

Kulturtorget er eit svært kostnads- og ressurskrevjande arrangement, både for fylkeskommunen og for kommunane. Av eit totalbudsjett på mellom 1 og 1,5 mill. kroner følgjer det at arrangementet får positive synergieffektar for lokalt næringsliv der det blir arrangert, som til dømes oppdrag til transportnæringa og teknisk personell, leige av lokale og tenester knytt til overnatting og kost for delatakarane. Kulturtorget så langt har alltid vore arrangert i Molde.

Fylkeskommunen får ved fleire høve positive tilbakemeldingar på at ein har valt å rullere Fylkeskulturkonferansen i fylket, nettopp fordi eit så stort arrangement vert opplevd som positivt for lokalsamfunnet med tanke på både merksemd og positive økonomiske synergieffektar. Dette er eit element som bør testast for Kulturtorget også, sjølv om dei to arrangementa elles ikkje er direkte samanliknbare.

Slik Kulturtorget er lagt opp, krev det at deltakarane er med over fleire dagar. Dette er ei dyr løysing for kommunane og skulane, som sjølv dekkjer reise og opphold for deltakarane, og i tillegg kjem deltakaravgift og vikarutgifter for skulane. Overnatting har ein snittpris på 1 200 kroner per natt, medan det er rekna ut at reiseutgifter har eit snitt på 1 060 kroner per deltakar. Saman med deltakaravgifta på 1 500 kroner utgjer det dette totalt 3 760 kroner per deltakar. Snittkostnad på eit dagsverk i skulesektoren er 2 940 kroner. Både skular og kommunar melder at dei ikkje nytter seg av Kulturtorget på grunn av desse utgiftene, og det er gjengangarar av kommunar som aldri deltek på Kulturtorget. Dette skjer trass i at DKS-samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og den enkelte kommune regulerer deltaking på nettverksarena som til dømes Kulturtorget. Fylkesrådmannen tilrår at ein utviklar eit arrangement med eit lågare kostnadsbilde for kvar deltakar, for slik å sjå om oppslutnaden om arrangementet aukar.

Fylkesrådmannen tilrår vidare at Kulturtorget blir utvikla for betre å møte nye krav og føringar for DKS-ordninga som kjem frå nasjonalt hald. Ei slik vidareutvikling vil forsterke den totale DKS-tenesta og dermed dei strategiske innrettingane og prioriteringane fylkeskommunen allereie har gjort for DKS-ordninga. Utviklinga må ta innover seg behovet for å nå, og involvere fleire målgrupper, vidare behovet for auke samarbeid og nettverk mellom kultur- og skulesektor på alle nivå. Til dette er Fylkesmannen i Møre og Romsdal naturleg samarbeidspart. For å sikre fokus på forsking og kunnskapsproduksjon er til dømes Kulturtanken, Høgskulen i Volda og Seanse, naturlege samarbeidspartar. I tillegg må kunst- og kulturinstitusjonar vere involvert.

Fylkesrådmannen tilrår at det blir utarbeida ein plan for korleis arrangementet skal rullere mellom tre til fire regionar i fylket, vidare at det blir utarbeida eit program som går over to dagar. Programmet skal ha fokus på kunst- og kulturproduksjonar for skule, men i lågare grad enn tidligare. Dette for å legge til rette for større grad av medverknad for kommunane, elevmedverknad, forsking, dialog og nettverk, samt legge til rette for meir dialog mellom kunstnaren og dei tilsette i skulen. Det må vere mogleg å ha god nytte av å vere på berre delar av Kulturtorget, om nokon må gjere dette for å senke eigne kostnader knytt til deltaking.

Det bør også opprettast eit årleg programråd for Kulturtorget etter modell frå arbeidet med Fylkeskulturkonferansen. Fylkesrådmannen tilrår at ein arrangerer Kulturtorg i ei slik form to gonger, og at ein evaluerer etter kvart arrangement. Endeleg konklusjon om vidareføring skal gjerast etter Kulturtorget 2020.

Forslag til vedtak:

1. Kultur- og folkehelseutvalet legg til grunn at Kulturtorget skal sjåast i samanheng med det totale DKS-oppdraget, og vere forankra i alle nasjonale, regionale og lokale DKS-planar.
2. Kultur- og folkehelseutvalet prioriterer å vidareutvikle Kulturtorget for alle DKS sine målgrupper, og som arena for samarbeid, nettverk, kompetanseutvikling og medverknad.
3. Kultur- og folkehelseutvalet ber om at det blir utarbeida og gjennomført program for Kulturtorget 2019 og 2020 etter tilrådingane frå fylkesrådmannen. Programma skal leggast fram for kultur- og folkehelseutvalet som referatsak.
4. Kulturtorget 2019 og 2020 skal evaluerast i etterkant av kvart arrangement, og endelig konklusjon om vidareføring skal gjerast etter Kulturtorget 2020.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Heidi-Iren Wedlog Olsen
fylkeskultursjef

Vedlegg
1 Evaluering Kulturtorget kunnskapsgrunnlag